

Ein ny profetisk generasjon kjempar for sosial rettferd

Gud reiser opp ein ny generasjon av profetiske kristne som tek på alvor det Bibelen seier om at grunnvollen for Guds trone, for Guds vilje og styre, er rett og rettferd (Sal.89,15; 97,2) og at miskunn og truskap alltid kjem først i alt det Gud gjer. Derfor arbeider dei ikkje berre for å forsona menneske med Gud, men også for å skapa forsoning og rettferd mellom menneske.

ERLING THU
erlinthu@gmail.com

GUDS RIKE INNEBER SOSIAL RETTFERD
Sosial rettferd er ikkje noko vi kristne kan overlata til verdslege aktørar på det sosialøkonomiske eller politiske området. Rett og rettferd er heilt grunnleggjande i evangeliet om Guds rike. Vi kan ikkje representera Guds rike om vi ikkje viser solidaritet med dei svake og utnytta og viser miskunn gjennom praktiske gjerningar mot dei som har det vondt.

Det er eit stort tap at mange kristne ikkje er frontkjemparar for sosial rettferd, men berre prøver å frelsa sjeler for himmelen. Å berre bry seg om å berga menneske for himmelen utan å ta ansvar for å skapa fred og rettferd eller utan å ta del i dei sosiale utfordringane i samfunnet, er å leva på tvers av Guds vilje. Guds frelsesplan er ein gjenreisingsplan for samfunnet og kvart einaste menneske der målet er at alt i himmel og på jord skal samlast til eitt, harmonerast, under Jesu Kristi herredømme (Ef.1,10).

Dette inneber at vi bryr oss om heile mennesket og samfunnet det er ein del av. Vi arbeider for at alle menneske skal få si sak i orden med Gud, men også for at dei skal få eit rett forhold til kvarandre i eit samfunn bygd på likskap, brorskap og rettferd. Det er ikkje

nok å hjelpa dei heimlause og fattige til fred med Gud, vi må og hjelpa dei ut or fattigdomen med å gå til den sosiale rota av problema deira. Men om vi berre er sosiale aktivistar og berre hjelper folk med dei ytre tinga, vil vi heller ikkje sjå varige endringar i folk eller samfunn.

KAMP MOT KORRUPSJON OG EIT URETTVIST ØKONOMISK SYSTEM

Kristne menneske skulle vera i fremste rekkje i kampen mot korrupsjon eller eit økonomisk system som gjer dei rike rikare og dei fattige endå fattigare. Det kapitalistiske systemet som gjev fritt spelerom for spekulantar aukar fattigdomen for mange menneske. Vi har i den seinare tid sett korleis spekulasjon på råvarer og mat har pressa prisane til vørs. Dette har gått ut over dei fattige i ulanda som berre vert endå fattigare. Denne uretten kan me ikkje berre sjå på. Den profetiske generasjonen gjer noko med slike utfordringar. Dei vil velja velferd for alle i staden for stor velstand for nokre få. Dei vil stå på dei fattige og undertrykte si side på ein praktisk måte. Uretten i den økonomiske fordelinga roper på kristne om å gjera noko. Det økonomiske systemet har rota til mange sosiale problem og skapt den djupe fattigdomen alt for mange menneske lir under i vår tid.

Rett nok må det seiast at mange gode initiativ har vorte tekne for å fremja rettferdig handel til dømes, men det er mykje ugjort på dette området enno. Korrupsjon er øydeleggjande for alle. Det undergrev rettferda og verkar undertrykkjande. Korrupsjon og økonomisk utruskap er stor urett og vonds-kap som den nye profetiske generasjonen vil arbeida for å avskaffa. Rettferdig lønn og eit rettferdig næringsliv er ein grunnvoll for rettferd og harmoni i samfunnet. Der uretten får rå lir dei uskuldige.

Vi har alle eit ansvar for å arbeida for at dei økonomiske og sosiale skilnadane mellom menneske skal fjernast. Vi må arbeida for eit samfunn der makt, gode og plikter er rettvist fordelte. Vi må arbeida for ei utvikling som fører til rettferd, fellesskap, velferd og folkestyre så alle får høve til livsut-falding, arbeid og deltaking i samfunnet til det beste for alle.

GUD GJER IKKJE FORSKJELL PÅ FOLK

Vår forståing av kva som er godt eller gale, rett eller rangt, kjem frå ei openberring av Guds hjarte for menneska. Gud er verken norsk eller svensk. Han er verken afrikanar eller amerikanar. Han er verken Lutheranar eller katolikk, folkekyrkjeleg eller frikyrkjeleg.



Det er ikkje nok å hjelpa dei heimlause og fattige til fred med Gud, vi må og hjelpa dei ut or fattigdomen med å gå til den sosiale rota av problema deira

Det er ikkje kultur og menneskelege skikkar som avgjer kva som er rett og godt. Vi må frigjera oss frå all menneskeleg påverknad for å få tak i kva Guds rettferd inneber. Dei fleste av oss har vel minne om gongar vi har vorte urett behandla og kor vi har opplevd ting har vore urettferdig. Gud krev at alle vert møtt på same måte, med same kjærleik og respekt. Gud krev at vi ikkje gjer forskjell på folk, men er rettferdige mot alle i alt vi gjer.

MENNESKEVERDET ER HEILAGT OG UKRENKJELEG

Før vi kan sjå personleg eller sosial forandring trengst det ein profetisk konfrontasjon. Samfunnet treng å høyra ei profetisk røyst som seier kva Guds vilje er og viser veg ut or urett og vondskap. Når gudsfrykta er borte og folk ikkje lenger har age for Gud, mistar folk kjensla av at livet er heilagt. Dette er kanskje den største synda i vår tid. Eit menneskeliv har vorte så billeg. Eit menneske tel så lite. Det er pengane som rår når skular og sjukehus vert nedlagde, ikkje kva som er best for dei menneska dette gjeld. Aborttilhengjarane held fram med å gjera det normalt å øydeleggja ufødde barn, medan andre såkalla progressive krefter aukar det politiske og sosiale presset for at eutanasi eller dødshjelp er ein

akseptert måte å avslutta livet på.

Lat meg skunda meg å seia at eg ser ikkje på kvinner som har teke abort som større syndarar enn andre. Kanskje det motsette ofte er tilfelle. Desse kvinnene er ofte eit offer for press utanfrå, og må i mange tilfelle slita med følgjene av valet sitt i lange tider etterpå. Her kjem Guds rike med godt nytt om tilgjeving,

gjenreising og eit nytt liv i fridom og rein glede.

Likevel er abort eit resultat av at livet ikkje lenger er heilagt, men har vorte billeg og verdiløst. Samfunnet har vedteke at det er ålreit å ta liv av eit ufødd barn sjølv i dei tilhøve det berre er av omsyn til foreldra sitt velvære. Dei same kreftene arbeider no for å til-lata at folk som er sjuke, svake eller gamle å få livet avslutta på ein "verdigg" måte av omsyn til den gjenlevande familien. Dette som går for å vera humanisme minner forferdeleg mykje på nazistane sitt syn på livet i Hitler-Tyskland. Folk kan bruka sentimentale og sympatiske argument til støtte for synet sitt, men ingen av desse grunnane dei gjev kan rettferdiggjera å ta bort eit menneskeliv. Drap, abort og eutanasi er angrep på menneskeverdet og meininga med livet. Det er uforståeleg at samfunnet ikkje ser samanhengen mellom drap av tusenar av ufødde barn og aukande kriminalitet i samfunnet. Når samfunnet utøvar kollektiv vald mot dei ufødde barna i morsliv, opnar det seg for vald mot seg sjølv ved å føra vidare sine moralske verdiar til den oppveksande generasjonen.

MISJON, VEKKING OG FORVANDLING AV SAMFUNNET

Den nye profetiske generasjonen kjempar for rett og rettferd med håp om å vinna fram og sjå samfunnet endra. Dette håpet er knyta til oppfylinga av profetorda i Det gamle testamente i Jesus Kristus og den misjonsbefalinga han gav dei. Jesus sa at me skulle gå ut i heile verda og gjera alle folkeslag til læresveinar ved å forkynna evangeliet, døypa dei som kjem til tru og læra dei å halda alt han har bode oss. Dette oppdraget må ikkje forståast til berre å gjelda å vinna millionar av enkelt menneske mellom alle folkeslag, men som eit oppdrag av kollektiv natur til å gjera heile nasjonar og etniske grupper til disiplar. Den Heilage Ande vil i dei siste dagar verta rennt ut over alle menneske på ein slik måte at heile bygder, byar og nasjonar vender om til Herren. Innhaustinga vil vera så stor at det store fleirtalet i nasjon etter nasjon vil venda seg til Gud og ta til å leva etter hans lover. Då vil rettferd og fred råda mellom folka. Då vil urett og vondskap verta så godt som rydda ut, for dei kristne gudsrikelovane vil vera det normale og ikkje unntaket. Då skal rettferd og rett råda. Då skal nåde og forsoning gjennomsyra samfunnet.

Bibelen viser oss klart og tydeleg at sanning og rettferd kjem til å vinna kampen mot løgn og urett. Før historia når si fullending skal det store fleirtalet av menneska på jorda verta fødde på ny og leva etter Guds lover skrivne i hjartet. Det faktum at stoda i verda i dag ikkje samsvarer med dette har ingenting å seia. Guds plan kjem til å verta fullført. Vi vil ikkje lata oss styra av vanskelege omstende, men trufast kjempa for rettferd og rett i vissa om at Jesus Kristus, som er Herre over historia, vil vera med oss heilt til oppdraget er fullført.